

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 17.07.2014

Vår ref.: 201401408-3

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Jåstadkraft AS - melding om auka slukeevne og overføring av bekk til Indre Jåstadelvi og Kvednhusbekken minikraftverk i Ullensvang herad i Hordaland - høyring

NVE har motteke melding frå Jåstadkraft AS, datert 16.7.2014, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for auka slukeevne og overføring av bekk til Indre Jåstadelvi og Kvednhusbekken minikraftverk i Ullensvang herad. Kopi av meldinga er vedlagt.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket medfører skade og ulempe av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt.

Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske forhold av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Oppramsingane er ikkje uttømmande.

Vi ber Fylkesmannen og fylkeskommunen om også å vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket i høve til si sektorlovgiving.

Vi ber høyringspartane å vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova § 8.

NVE føretrekk at fråsegn vert sendt elektronisk til nve@nve.no så snart som råd og seinast innan **22.9.2014**. I tillegg kan fråsegn sendast per post til NVE – Region Vest, Pb. 53, 6801 Førde. Fråsegn eller deler av fråsegn vil verte referert i eit endeleg vedtak.

NVE vil prøve å koordinere ei eventuell synfaring av området med Fylkesmannen. Kommunen og fylkeskommunen vil verte orientert om tidspunkt for synfaringa slik at dei kan ha anledning til å delta om ønskeleg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Vedlegg: 12

Mottakarliste:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Ullensvang herad

Kopi:

Øyvind Svartveit